



FINANSDEPARTEMENTET

29. SEP. 2004

Saksnr. 0411847-165
Arkivnr.

SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
080/04	Komite for finans og forvaltning	14.09.04

Ansaret for skatteinkrevjinga - høyring


Samandrag av saka:

Saka gjeld høyring vedkomande plassering av ansvar for innkrevjing av skattar. Pr i dag er ansaret for skatteoppkrevjing lagt til kommunane og Fjell kommune har si eiga avdeling som ivaretek desse funksjonane. Det er frå sentralt hald, Finansdepartementet, oppnemnd eit utval som skal vurdere og foreslå tiltak som kan betra skatteoppkrevjarfunksjonen. Saka er no ute til høyring med frist for attendemelding 01.10.04. Utvalet leverte ei delt innstilling. Fleirtalet i utvalet ville statleggjera skatteoppkrevjarfunksjonen, medan mindretalet som var dei kommunale representantane i utvalet, meinte at lokal skatteoppkrevjing under kommunalt ansvar ville vere den beste løysinga. Finansdepartementet og Skattedirektoratet sine representantar i utvalet har gjort greie for korleis ein eventuell statleg innkrevjingsmodell skal formast. Rådmannen er av den oppfatning at det er best for Fjell kommune spesielt, og kommunenorge generelt, at skatteoppkrevjarfunksjonen vert ført vidare på lokalt nivå.

Innstilling:

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Straume, den 08.09.04


Steinar Nesse
konstituert rådmann


Svend-Fredrik Untiedt
kst.økonomisjef

Handsama i Komite for finans og forvaltning - 14.09.2004:

Framlegg frå Marianne Sandahl Bjørøy (AP)

”Komite for finans og forvaltning gjev slik uttale:

Gjeldande organisering vedkomande skatteoppkrevjing ivaretek kommunen sitt sjølvstyre. Den styrker lokaldemokratiet i forhold til å kunne ha innverknad på eige inntektsgrunnlag. Ved at ansvaret for innkrevjinga vert overført til staten, vert kommunen sin rett til å kunne påverke sitt eige inntektsfundament redusert.

Med bakgrunn i desse argumenta vil komiteen tilrå at skatteoppkrevjarfunksjonen vert vidareført på lokalt nivå.

Det vert elles vist til saksutgreiinga.”

Framlegget vart vedteke samrøystes.

Vedtak i Komite for finans og forvaltning - 14.09.2004:

Komite for finans og forvaltning gjev slik uttale:

Gjeldande organisering vedkomande skatteoppkrevjing ivaretek kommunen sitt sjølvstyre. Den styrker lokaldemokratiet i forhold til å kunne ha innverknad på eige inntektsgrunnlag. Ved at ansvaret for innkrevjinga vert overført til staten, vert kommunen sin rett til å kunne påverke sitt eige inntektsfundament redusert.

Med bakgrunn i desse argumenta vil komiteen tilrå at skatteoppkrevjarfunksjonen vert vidareført på lokalt nivå.

Det vert elles vist til saksutgreiinga.

Dokument i saka:

Finansdepartementet, Høyring NOU 2004:12 Betre skatteinnkrevjing, 18.06.2004
Høyringsdok.: Kap. 1 og 2

NKK, Ansvaret for skatteoppgåvene igjen under press, 18.05.2004
Komm.sentralforbund, høyring på skatteoppkreverutvalets utredning NOU 2004:12,
12.07.2004

Dokument vedlagt saka:

1.0 Saksopplysningar

Saka gjeld plassering av ansvar for skatteoppkrevjarfunksjonen. Pr i dag er ansvaret for skatteoppkrevjing lagt til kommunane. Fjell kommune har si eiga avdeling som ivaretek desse funksjonane. Finansdepartementet har oppnemnd eit utval, kalla skatteoppkrevjarutvalet, som skal vurdere og foreslå tiltak som kan betra skatteoppkrevjarfunksjonen.

Skatteoppkrevjarutvalet leverte si innstilling i NOU 2004:12 den 12.mai 2004. Saka er no ute til høyring med høyringsfrist 1.oktober 2004. Det føreligg tre organisatoriske løysingar:

1. den kommunale løysinga som eksisterer pr i dag
2. statleg modell
3. mellomløysing

Utvalet leverte delt innstilling. Fleirtalet i utvalet vil statleggjere skatteoppkrevjinga, medan mindretalet, som var dei kommunale representantane i utvalet, meiner at lokal skatteoppkrevjing under kommunalt ansvar er den beste løysinga.

Finansdepartementet og Skattedirektoratet sine representantar i utvalet har gjort greie for korleis ein eventuell statleg skatteoppkrevjingsmodell skal formast. Dei meiner at det er eit problem med ein fragmentert struktur i dag, og at ei statleggjering vil leggje til rette for meir heilskapleg organisering av det faglege ansvaret. I tillegg viser analysar at større einingar vil gje betre resultat og ein likskap i handsaminga.

Det vert mellom anna lagt vekt på at fagmiljøet vert styrkja og at forvaltninga av ressursar vert likt fordelt.

Skatteoppkrevjarutvalet peikar på at kommunalt ansvar for skatteoppkrevjinga fører til god rettstryggleik for skattytarane. Årsaka til dette er at det er etablert eit klart organisatorisk skilje, ved at ansvaret mellom fastsetjing av skatten (likninga) og innkrevjinga av skatten er delt. Dette er også slege fast som eit grunnleggjande prinsipp i tidlegare utgreiingar og stortingshandsamingar, og er støtta av Kommunenes Sentralforbund.

Kommunenes Sentralforbund viser til undersøkingar som er gjort av Norsk Gallup, kor det går fram at skatteoppkrevjarkontora utøver god service. Kemnaren i Fjell kommune har gjennomført ei brukarundersøking i 2002 med gode resultat når det gjeld service, tilgjenge og kompetanse.

NKK, Forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnkrevjing, viser til at dei kommunale skatteoppkrevjarane klarer å krevje inn mellom 99% og 100% av all utlikna skatt. Dei peikar på at små kommunar har like gode resultat som store kommunar, og at dette skuldast at skatteoppkrevjinga grunnleggjande dreier seg om kommunikasjon mellom skatteoppkrevjar og skattytar. Vidare vil kommunalt ansvar for skatteoppkrevjinga ivareta det kommunale innkrevjingsmiljøet, som ivaretek kommunen si innkrevjing med omsyn til kommunale avgifter og annan kommunal fakturering.

2.0 Vurdering

Rådmannen er av den meining at den organiseringa som er i dag i høve til skatteoppkrevjinga ivaretek kommunen sitt sjølvstyre. Det er avgjerande for eit levedyktig, lokalt demokrati å ha innverknad på eige inntektsgrunnlag. Attendeføring av ein del av selskapskatten som kommunal inntektskjelde er eksempel på tiltak som er meint å etablere ein positiv økonomisk samanheng mellom lokalt næringsliv og kommunane. Skulle ansvaret for innkrevjing overførast til staten, vert kommune sin rett til å kunna påverke sitt eige inntektsfundament redusert.

Rådmannen meiner at Fjell kommune ut i frå føringar i kommuneproposisjonen, omsynet til styrking av lokaldemokratiet og egne erfaringar, er best tent med ein lokal skatteoppkrevjarfunksjon. Rådmannen meiner at det eventuelt går an å betre skatteoppkrevjarfunksjonen med mindre organisatoriske endringar innanfor eksisterande ordning og andre virkemiddel.

